

Aleksander til Guatemala

29.01.2010



Aleksander Rebaudo (16) frå Uskedalen og elev ved KVV (biletet), er ein av fire elevar ved skulen som 21. februar reiser på vitjing til vennskapsskulen i San Lucas Toliman i Guatemala

Det er femte gong KVV arrangerer ein slik tur og reiseleiар Magne Fitjar skal no besøkja Guatemala for sjette gong. Karen Elisabeth Bogsnes er den andre reiseleiaren medan dei tre andre elevane er Sindre Ullmann (18), Ane Mogren (18) og Preben Dale Heimstad (19), Aleksander blir med fordi ei jente som var utpeika måtte trekka seg.

Han går i første klasse på studiespesialisering og vart medlem av akjonsgruppa i haust. Då var han fortalt at han nok ville få høve til å reisa til Guatemala, men først i tredje klasse. Desto gladare er han over å få vera med allereie no, seier han til Kvinnheringen.

KVV dekkjar no 40 elevstipend ved skulen som har 200 elevar og heiter Instituto Mixto Santa Cruz Quiaxaya. Det er ein kombinert ungdomsskule og vidaregåande skule. KVV-elevane ynskjer å ha med litt ekstra til elevane og tek gjerne også imot litt ekstra til si eiga reisekasse.

(Foto: Ola Matti Mathisen)